



Ruth Lilleskare  
Skarsvegen 656  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2272 - 18/27277

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.09.2018

## Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 148/21 Litleskare

Administrativt vedtak: **Saknr: 466/18**

Byggestad: Gbnr: 148/21 Skarsvegen 656  
Tiltakshavar: Ruth Lilleskare  
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS  
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med mindre enn 50 pe  
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for eigedomen gbnr 148/21. Eigedomen som er bygd ut med fritidsbustad, har i dag gråvassutslepp og elektrisk toalett. Det skal no monterast WC i bygget. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande godkjend felles utsleppsleidning som går til sjø.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 01.08.2018.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med gjeldande plan.

#### Nabovarsel

Nabo på gbnr 148/1,4 er varsla. Kommunen vurderer at ytterlegare varsling ikkje er nødvendig. Eigedomen skal knytast til etablert og godkjend felles avløpsanlegg som er ført fram til eigedomen. Eigedomane som er knytt til Litleskare avløpsanlegg er solidarisk ansvarlege for heile anlegget fram til slamavskiljaren på den enkelte eigedom. Grunneigarane som er berørt av tiltaket er alle medlemmar i Litleskare avløpsanlegg og har gjennom inngått avtale gjeve grunn for tiltaket, sjå sak 14/6444.



### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 27.07.2018.

### **Reinsekraft**

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Drift og vedlikehald**

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømme tanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømme tanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømme heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

### **Privatrettslege tilhøve**

Nødvendige privatrettslege tilhøve er dokumentert stetta gjennom dei avtalar som er inngått for Litleskare avløpsanlegg.

### **Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning**

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande utsleppsleidning i vedtak datert 17.08.2015 i sak 14/6444.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Eksisterande felles avløpsleidning har tilstrekkeleg kapasitet til at gbnr 148/21 kan knytast til anlegget. Det vert lagt til grunn at slamtømming kan skje på ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta.

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 27.07.2018.

### **Godkjenning etter andre lover**

Etablering av nye avløpsanlegg krev løyve etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3. I denne saka gjeld tiltaket etablering av slamavskiljar og nødvendig leidningsarbeid på eigen grunn.

Kommunen frittek tiltaket frå søknad etter plan- og bygningslova, jf plan- og bygningslova § 20-5 bokstav g.

Melding om at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet, og målsett kart som viser endeleg plassering, skal sendast kommunen før anlegget vert teke i bruk.

### **VEDTAK**

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for på gbnr 148/21 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.
- Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
- Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
- Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
- Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Kommunen frittek tiltaket frå søknad etter plan- og bygningslova, jf . § 20-5 bokstav g.

Melding om at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet, og målsett kart som viser endeleg plassering, skal sendast kommunen før anlegget vert teke i bruk.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ

### **Mottakarar:**

Ruth Lilleskare

Skarsvegen 656

5911

ALVERSUND